



## **SAKSFRAMLEGG**

<b>Sakshandsamar:</b> Erdal, Nina	<b>Arkivkode:</b> FE - 200, TI - &14
<b>Arkivsaksnr:</b> 17/259	<b>Løpenr:</b> 17/5192
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### **SAKSGANG**

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	01.06.2017	022/2017
Kommunestyret	15.06.2017	020/2017

#### **Finansrapportering pr 1. tertial 2017**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Finansrapportering for 1.tertial 2017 vert tatt til etterretning.

##### **01.06.2017 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

##### **FORM- 022/2017 Vedtak:**

Finansrapportering for 1. tertial 2017 vert tatt til etterretning.

##### **15.06.2017 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Ei rekkje kommunerepresentantar stilte spørsmål om gildskapen sin i denne saka. Nokon fordi dei sjølv arbeider i kommune, og nokon fordi dei hadde nære slektningar som var arbeidstakarar i Samnanger. Det viste seg at dette gjalt over halvparten av representantane. Om desse representantane hadde vorte funne ugilde hadde dette resultert i eit kommunestyre som ikkje var vetaksført. Dette gjorde at ingen vart funnen ugild og alle representantane var med i handsaminga av saka.

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

##### **KS- 020/2017 Vedtak:**

Finansrapportering for 1.tertial 2017 vert tatt til etterretning.

### Kva saka gjeld:

I samsvar med reglement for finans- og gjeldsforvaltning vert det lagt fram ein rapport som viser status for forvaltning av ledig kapital, aksjar og oversikt over lån og låneopptak. Reglement for finans- og gjeldsforvaltning skal vedtakast kvar kommunestyreperiode, oftare ved behov. Kommunestyret vedtok nytt reglement 30.juni 2016.

### Finansplassering

Innskot og aksjar:

- Renta i Sparebanken Vest (SPV) er pr april 1,0 % på driftskonto, fondskonto og skattetrekkkonto. Renta i DNB er på 0,35 %.
- Kommunen har sidan 2007 hatt aksjar i Nordisk Areal Invest as. Den siste eigedomen i Nordisk Areal as vart selt i 2016 og kommunen har fått tilbakebetalt tidlegare innbetalt kapital med totalt kr 861 234 i 2016. Restverdien pr 31.12.2016 var kr 234 882. Verdien pr april er nedjustert, men det er og planlagt å betale ut utbytte. Totalt sett får kommunen ein liten gevinst på ca kr 30 000 når fondet vert avslutta i 2017.
- Pengemarkedsfondet "Pluss-fondet" har ein verdi pr. 31.03.17 på kr 263 194,29 noko som er ein verdioppgong på kr 1 196,53 frå 01.01.17.
- Tilskotet frå Husbanken til sjukeheimen er utbetalt og kommunen har god likviditet.

	31.12.2015		31.12.2016		30.04.2017	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Innskot i SPV (driftskonto)	9,38	30 %	5,55	33 %	12,30	28 %
Innskot i SPV (fondskonto)	20,34	65 %	9,98	60 %	30,08	69 %
Innskot i DNB	1,42	5 %	0,84	5 %	0,88	2 %
Pengemarknadsfond:						
Pluss – fondene	0,26	1 %	0,26	2 %	0,26	1 %
<b>Samla kortsiktig likviditet</b>	<b>31,40</b>	<b>100 %</b>	<b>16,63</b>	<b>100 %</b>	<b>43,52</b>	<b>100 %</b>
	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap	Mill NOK	Gevinst/tap
Aksjefond	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Aksjar: Nordisk Areal Invest as	1,23	-0,76	0,25	-0,14	0,25	-
kr pr aksje	31,5*		6		6	
Tidsinnskot						

### Lån og rentevilkår

- Det er i samsvar med KS vedtak 100/16 og sak 5/17 tatt opp eit lån på kr 10 mill. Lånet er tatt opp hos KLP Kommunekreditt med flytande rente (p.t. rente) og skal nedbetalast over 40 år. Me fekk og inn tilbod frå Kommunalbanken (KBN). P.t. renta var identisk og KLP kommunekreditt vart valt fordi det i kommunen sitt reglement for finans- og gjeldsforvaltning står «*under elles like tilhøve vil det vera tilrådeleg at kommunen fordeler låneopptaket på fleire långjevarar*». Før låneopptaket var 67 % av lånegjelda hos Kommunalbanken, 24 % hos KLP og

resten hos Husbanken.

- Det skal betalast avdrag på lånet i 2017 noko det ikkje er budsjettert med. Avdraget er på kr 250 000 pr år. Dette vil bli tatt inn i økonomirapporteringa.
- Norges bank vedtok i rentemøtet 18.mars å halde styringsrenta uendra på 0,5 %. Dei har og signalisert at renta vil vere låg dei neste åra.
  - Kommunalbanken har varsla at renta vil bli sett ned frå 1,8 % til 1,65% frå 22.05.2017. Det er i budsjettet lagt inn ei flytande rente på 1,8 %
  - Husbanken si flytande rente vert sett opp frå 1,5 % til 1,6 % frå mai. Det er budsjettert med 1,8 %.
  - Renta i KLP kommunekreditt er 1,8 %.
  - Netto rentereduksjonen vil gje ca kr 100 000 i innsparing.
  - Kommunen har ca 43 % av lånegjelda med bunde rente. Kravet i finansreglementet er at andel lånegjeld med bunde rente skal vera minimum 20 % og inntil 70 %, vurdert ut i frå marknadssituasjonen. Uforpliktande fastrentetilbod frå KBN varierer mellom 1,86 % for 3 år til 2,43 % for 8 år. Grovt rekna vil kostnad ved å binde renta på all lånegjeld i 8 år bli differansen mellom 2,43% og 1,65 % for 131,45 mill kroner, dvs ca kr 1 mill for 1 år.

	31.12.2015		31.12.2016		30.04.2017	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Lån med pt rente	143,12	59 %	123,95	56 %	131,45	57 %
Lån med NIBOR basert rente						
Lån med fast rente	100,66	41 %	99,00	44 %	98,03	43 %
Finansielle leasing						
<b>Samla langsiktig gjeld</b>	<b>243,79</b>	<b>100 %</b>	<b>222,96</b>	<b>100 %</b>	<b>229,48</b>	<b>100 %</b>
Antall løpende enkeltlån	30		29		30	
Største enkeltlån	NOK 48 mill		NOK 48 mill		NOK 47,5 mill	
<b>Rentevilkår:</b>						
KLP: flytande	-		-		1,80 %	
fast	1,83 %		1,77 % - 1,83%		1,77 % - 1,83%	
Kommunalbanken: flytande	1,66 %		1,80 %		1,80 %	
fast	1,59 % - 2,92 %		1,59 % - 2,92 %		1,59 % - 2,92 %	
Husbanken: flytande	1,98 %		1,89 %		1,56 %	
fast	1,89%-2,66 %		1,9 %-2,4 %		1,9%-2,4 %	